



Saima Døssland (4) i rolla som sommarfugl! (Av Ola Matti Mathisen)

Hadde du teke deg en tur innom forsamlingslokalet Vonheim i Uskedalen tysdag ettermiddag, ville du møtt både ein klovn, ein sjørøvar, ein god fe og ein supermann, berre for å trekka fram eit utval. For no har karnevalsosongen også kome til oss!

Vonheim-leiinga imponerte igjen med stor kreativitet. I tillegg til dei tradisjonelle programpostane har dei tidlegare halde juleverkstad – og no var altså turen kome til det første karnevalet – sett i scene av Anne Grethe Sjo og Merete Røstbø.



Ein god fe i blått: Cecilie Røstbø (5)
(Foto: Ola Matti Mathisen)



Ein klovn i full mundur: Filip Sjø Musland
(2)(Foto: Ola Matti Mathisen)

- Hensikten er ikkje nokon annan enn at ungane skal få leika seg og ha ei fin oppleving, sa Anne Grethe til uskedalen.no då ho kunne ynskje 24 ungar frå litt over null til 12 år velkome saman med eit knippe vaksne. Fleire av dei siste var heller ikkje til å kjenne att...

Karneval-deltakarane var slett ikkje berre frå Haugland og Musland, det var også eit solid innslag frå dei meir sentrale delar av bygda. Og alle koste seg skikkeleg. På programmet sto mellom anna stol-leik og rikeleg servering.

Det var ingen grunn til å klaga over stiv billettpris – for 30 kroner fekk ein både lappar, kaker, saft og kaffe. Men hvis det vart noko overskot, gjekk det i Vonheim-kassa. Og det er all grunn til å tru at det blir eit nytt karneval neste år.

Av Ola Matti Mathisen



Spente foran stol-leiken. (Foto: Ola Matti Mathisen)